UTDANNINGSFORBUNDET
Stad

# Møte om pensjon for medlemmar i alle aldrar

**Tid: 13.09.22 kl. 18.00 – 20.30**
**Stad: Nordfjordeid skule**

Det er viktig å tenke på pensjonen din før du faktisk blir pensjonist.

Vi inviterer difor til eit medlemsmøte der vi vil svare på mange av spørsmåla du har, eller ikkje visste at du hadde.

Det vert ei felles økt om folketrygda, deretter deler vi opp slik at de kan få meir målretta informasjon ut frå alder slik:

- Gruppe for deg som er fødd i 1962 eller tidlegare
- Gruppe for deg som er fødd i 1963 eller seinare.

Det vert sett av tid til å stille spørsmål.

Kurset vert halde av rådgjevarar i Utdanningsforbundet Vestland i samarbeid med dei andre lokallaga i Nordfjord. Det er 60 plassar på kurset. Det vert arrangert same kurs på Sandane 14. september, sjå nettsida til Utdanningsforbundet Gloppen dersom denne datoen passar betre.

Påmelding så snart som råd og innan 6. september på nettsida vår (lenke) eller til post@stad.utdanningsforbundet.no




**Pensjon er viktig uansett om du er 23 eller 63.
Vi håpar å sjå deg der!**